

Universitets- og høgskulesektoren bør bidra til å løyse klimakrisa

Uttale frå Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Vedtatt 24.02.21

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda anerkjenner klimakrisa. Menneskeskapte klimaendringar er vår tids største utfordring. I følgje FN sitt klimapanel, må vi innan 2030 redusere klimagassutsleppa med 45 prosent, og innan 2050 vere klimanøytrale, om vi skal unngå dei verste klimaendringane og nå måla i Parisavtalen. Å ta grep no vil koste, men å ikkje gjere det, vil koste oss så mykje meir.

Studentar er ein del av løysinga på klimakrisa. Studentar og akademia bidreg med forskning og utvikling som vil ta oss inn i den utsleppsfrie framtida. Universitets- og høgskulesektoren må også bidra til eit nullutsleppsfunn, og endre seg i takt med ny kunnskap.

Utdanning er ein viktig nøkkel for å finne ny kunnskap og nye løysingar. Høgskulen i Volda må ta klima og miljø inn i relevante utdanningar og sørge for å gi studentar kunnskapen dei treng for å finne framtidens klimaløysingar. Høgskulen i Volda må også vere rollemodell for andre institusjonar ved å ta berekraftsmåla til FN og klima og miljø inn i alle deler av verksemda si.

Høgskulen i Volda har hatt sertifiseringa Miljøfyrtårn sidan 2018, og har gjort fleire gode grep for å verte meir miljøvenleg. Studentparlamentet meiner at Høgskulen må halde fram dette arbeidet, og styrkje innsatsen slik at klimafotavtrykket til Høgskulen blir minst mogleg. Studentparlamentet vil også oppmode Studentsamskipnaden i Volda til å bli miljøsertifisert.

Studentparlamentet i Volda oppmodar Høgskulen i Volda og Studentsamskipnaden i Volda til:

- Å, i dialog med Statsbygg, vurdere Breeam-Nor sertifisering eller tilsvarende sertifisering ved oppføring av nye bygg eller renovering av eldre bygningar
- At Høgskulen i Volda held fast på Miljøfyrtårn-sertifiseringa og innfører stadig nye miljø- og klimatiltak i tråd med sertifiseringa
- At Studentsamskipnaden i Volda søker å bli Miljøfyrtårn-sertifisert innan 2022
- At klima, miljø og FN sine berekraftsmål blir prioritert inn i utdanningane og studiekvardagen slik at studentane får nødvendig kunnskap for å finne gode klimaløysingar både i jobb og i kvardagslivet

- At klima og miljø blir prioritert i alle deler av verksemda til Høgskulen og SiVolda, og vektlagt ved innkjøp og i innkjøpsavtalane til institusjonane
- At Høgskulen fjernar alle små restavfallsbøtter, særleg frå klasserom og bibliotek, og erstattar dei med miljøstasjonar
- At Studentsamskipnaden utvidar vegetartilbodet i kantina
- At Høgskulen vel elektriske bilar når dei fornyar bilparken
- At Høgskulen kompensere for tapte tre ved bygginga av det nye mediebygget, og erstattar dei med nye parkområde